



VOSS KOMMUNE

Brannvernet

Voss jordbrukskule, Rogne internat
Skulestadmo

5710 Skulestadmo

Hordaland Fylkeskommune

18 NOV 2014

Vår ref 14/80-169	25241/14	Etat/ avd. TE	Saksbeh GOP	Ark. M71	Dykkar ref.	Dato 11.11.2014
----------------------	----------	------------------	----------------	-------------	-------------	--------------------

BRANNTILSYN 2014

I medhald av lov av 14.juni 2002 nr.20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann og eksplosjonsvernloven) med tilhøyrande Forskrift av 26.juni 2002 om brannførebyggjande tiltak og tilsyn (FOBTOT) og Forskrift av 6.desember 1996 om systematisk helse- miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemder (Internkontrollforskrifta), vart det utført brannteknisk inspeksjon den 10.11.14 på objektet.

Tilstades ved tilsynet:

Brannvernleiar:	Andres L. Fenne
For virksomheit/brukar:	Svein Inge Styve
For eigar:	Steinar Ove Lexander
For Voss brannvern:	Harald Rongen, Bjørn Dolve og Geir Ove Pedersen

Innleiing

Hensikta med tilsynet var å vurdera om eigar/brukar av objektet arbeider systematisk med branngryggleiken. Frå branntvernet si side er det lagt vekt på å føre ei heilskapleg vurdering av alle tilhøve som kan påverka sannsynlegheita for at ein brann kan bryta ut, og konsekvensane av brann. Eit tilsyn kan ikkje reknast som ein tilstandsrapport for objektet.

Tilsynet omfatta mellom anna:

- At branntobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om førebygging av brann.
- At branntobjektet er tilgjengeleg og tilrettelagt for redning og slokkeinnsats
- At virksomheita sin internkontroll er hensiktsmessig for å nå mål på sikkerheitsområdet
- At spesifiserte aktivitetar vert etterlevd slik som beskrive

Omfang

Tilsynet vart innleia med gjennomgang av tidlegare tilsynsrapportar, internkontrollrutiner, brannteknisk dokumentasjon og teikningar. Vidare vart det føreteke ein stikkprøvekontroll på objektet.

Oppfølging etter siste gongs tilsyn

Dette er 1. gongs tilsyn etter at bygget vart teke i bruk som internat.

Generelt

Kort beskrivelse av bygning/virksomheit:

- Bygg for overnatting, betong.

Definisjoner:

AVVIK:

- Brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga

MERKNAD:

- Tilhøve som tilsynsmyndigheita meiner det er riktig å påpeika for å ivareta helse-, miljø og sikkerheit, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

KOMMENTARER:

- Utfyllande skildring av avvik/funn som beskrev dei faktiske tilhøva ved objektet.

Avvik

Fylgjande avvik vart konstatert under tilsynet:

Avvik 1 (Eigar)

- Eigar har ikkje sørja for at branngleiken er tilfredstilande dokumentert.

Avvik frå:

- §§ 2-4 og 3-1 i førebyggjandeforskrifta.

Kommentarar:

- Det mangla dokumentasjon på kontroll av sløkkjeutstyr 1. etg, ledesystem og brannalarmanlegg.

Merknader

Fylgjande tilhøve vart påpeika under tilsynet:

Merknad 1 (Eigar)

- Brannteknisk inndeling i kjeller, samt at ledesystemet fungerer som forutsatt må dokumenterast. Branntetting må dokumenterast. Ein viser til § 2-1 i førebyggjandeforskrifta.

Merknad 2 (Brukar)

- Branninstruksar må opp på strategiske plassar saman med revidert rømingsplan.
- Det kunne ikkje dokumenterast brannvernopplæring av nattevakter. Ein viser til § 3-1 og 3-3 i førebyggjandeforskrifta.


Oppsummering/avsluttande møte

Ved oppsummeringsmøtet vart dei registrerte avvik og merknader gjennomgått.

Tilbakemelding

Med henvisning til § 6-2 i førebyggjandeforskrifta ber me om ei skriftleg tilbakemelding innan **10.12.14** på avvik/merknader i rapporten. Tilbakemeldinga skal innehalda ein tidsplan som beskriv når og korleis avvik/merknader vil bli retta/fylgt opp. Dersom brannvernet ikkje finn at tilbakemeldinga er tilfredsstillande, kan det verta gjeve pålegg om utbetring jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 37 første ledd.

Med helsing



Geir Ove Pedersen
varaibrannsjef

Kopi med
vedlegg til:

Hordaland fylkeskommune, eigedomsseksjonen, pb 7900, 5020 Bergen